



Trioen Lars, Ståle og Knut tar seg av pynting og "avpynting" kvart år- Dette biletet var teke i 2008. (Foto: Thor Inge Døsland)

**I føremiddag har den tradisjonelle trioen frå musikklaget pynta julegrana med 71 pærer slik dei plar gjera og no er Uskedalen sitt stolte symbol klart for tenninga kommande fredag.**

**Lars Myklebust, Ståle Eik og Knut Stensletten hadde som vanleg ingen problem med å få alt på plass,**

Ein viktig del av operasjonen er at to av karane klatrar heilt opp for å festa stolpen med pæra i toppen og ei koplingskasse. Denne konstruksjonen har dei satsa på imange år. Etter at dette er gjort blir pærene i sju rekker heisa opp ved hjelp av eit tausystem. Som regel går operasjonen greitt, men for få år sidan var det slikt vindfullt over laurdag før tenninga at arbeidet måtte utsetjast nokre dagar.

Når dei er ute med monteringa så tidleg som laurdagen før har det ikke minst å gjere med omsynet til dagslyset, opplyser Lars til uskedalen.no  
Grana er ein stor "pæreslukar" hvis veret er dårleg og han fortel at det kan bli brukt så mange som 150 pærer gjennom heile perioden.

No er det planta to moglege erstatningstre og dei verkar lovande i motsetnad til den første som vart planta og som turka. Men gamletreetvil nok halda ut i lang tid enno. I alle fall kan Lars opplysa at treet verkar friskt og han viser til den store forekomst av konglar i år.

Grana veks framleis. No har ho ikke vorte målt på fleire år, men Lars antar at lengda er rundt 22 meter. I samband med det irriterer også han seg over skryteopplysningen i media om at Sæbøvik har fått ei julegran på 14,5 meter. Den grana har dei hogge - Uskedalen har framleis Sunnhordlands høgaste, rotfaste julegran!

- Ansvaret for julegrana gjev vi i musikklaget ikkje frå oss, seier veteranen Bjørgulv Eik til uskedalen.no

- Kva er din kommentar til det, Lars Myklebust?
- Vi blir no eldre vi og!

Av Ola Matti Mathisen



Toppkonstruksjonen er den samme og velbrukte kvart år. (Foto: Ola Matti Mathisen)